

Havforskningsinstituttets historie

Av
Odd Nakken

Utviklinga av – og soga til Havforskningsinstituttet frå opptakten og fram til 1960 er meisterleg skildra i to skriftstykkje i «Havet og våre Fisker» band II. Hjalmar Broch og Einar Koefoed skreiv der om «Mennene i den gamle garde», og Gunnar Rollesen om «Fisken og dens gåter». Begge desse artiklane fortener å verta lesne – særleg av dei som ynskjer ei noko grundigare innføring i emnet, enn det eg gjev her.

Store veksingar i naturgrunnlaget er reglen – snarare enn unnataket – for norsk fiske. Frå soga veit me om tider då fisk og sild kunne fiskast i mengder og velstanden rådde i kystbygdene, men like ofte høyrer me om tider då sild og torsk var borte, med armod til følgje. Utover på 1800-talet tok det offentlige til å interessera seg for desse vekslingane. Stortinget fekk ei tru på at dersom ein kjende årsakene til dei. Kunne dei kanskje utjarnast. Rundt 1860 vart det difor løyvt pengar til to fiskeristipendiatar som skulle finna årsakene til vekslingane i naturgrunnlaget. Johan Axel Boeck skulle arbeida med sild og Georg Ossian Sars med torsk. Dette var starten til norsk fiskeriforskning og til Havforskningsinstituttet.

Norsk havforskning tok form

Boeck og Sars greidde med små midlar, men med insikt og flid, å leggja grunnlaget for det arbeid som seinare har vorte dreve ved Instituttet. Sars, som var åleine om arbeidet etter at Boeck døydd i 1873, tilførde fiskeri- og marinbiologien meir

kunnskap enn kanskje nokon annan einskildperson nokonsinne. Han «kartla» vandringa til Lofotskreien, undersøkte blåkvalen sitt fødevalg og var den første som meinte at oppdrett av marine fiskar kunne ha noko for seg. I tillegg har han detaljteikna og skildra eit uttal av artar til uvurderleg hjelp for vitenskapmennene som fylgde etter han. I 1893 vart han etterfylgd av Johan Hjort, og med det byrja den perioden som har vorte karakterisert som «gullalderen i norsk fiskeriforskning».

«Gullalderen»


Johan Hjort var ein framifrå vitenskapsmann og ein «pådrivar» av dimensjonar. I tillegg til å leia dei praktiske vitenskaplege granskningane, var han bestyrar av den biologiske stasjonen i Drøbak. Her organiserte han den matnyttige delen av norsk havforskning. Gjennom kurs og «seminar» for forskarar frå inn- og utland formulerte han problemstillingane om fisket sitt naturgrunnlag, i praktiske fiskeforsøk i Oslofjorden gjorde han opptakten til fisket med

rekestrål, og saman med medarbeidarane tok han til med systematisk og omfattande forskning i fjordar og kyst- og bankfarvatn. Då Fiskeristyrelsen vart oppretta i Bergen i år 1900, vart han ein av leiarane, og han var Fiskeridirektør frå 1906.

I 1900 vart også Noreg sitt første store spesialbygde forskningsfartøy «Michael Sars» teken i bruk. Gjennom ei rekkje tokt i nord- og nordaust-Atlanteren vart havet og dyre- og fiskelivet studert. Det internasjonale råd for havforskning (ICES), som med Hjort sin sterke medverknad vart starta i 1902, bidrog til at norsk havforskning alt frå starten fekk eit internasjonalt preg.

Oppdaginga av årringar i skjell (og seinare i kvannsteinar) på fisken gav forskarane eit viktig verktøy i arbeidet. No kunne dei gruppera fisken i årsklassar, og dei fann at det var særstør skilnad på mengda av fisk i dei ulike årsklassane. Einskilde årsklassar var særstør sterke, medan mange var fåtalige. Hjort og medarbeidarar formulerte teoriar om årsakene til dette, teoriar som med mindre modifi-

Teikninga er henta frå Havforskinga si brosjyre.



kasjonar enno lever som arbeidsgrunnlag for forskninga.

Under første verdskrigen, 1914–1918, var «Michael Sars» rekvirert til «nøytralitytsteneste», og den kom aldri meir inn i havforskning att. Johan Hjort gjekk av som Fiskeridirektør i 1916 etter usemje om ein handelsavtale han hadde medverka til med England.

Mellomkrigstida

I artikkelen «Fisken og dens gåter» tykkjer Gunnar Rollesen å meina at det skjedde heller lite i norsk havforskning i mellomkrigstida. Eg er ikkje utan vidare samd i det. To tilhøve fortener å trekkjast fram.

For det første – Rollesen sine egne arbeid om egg- og yngelutvikling hos torsk. I eit sett med framifrå fotografi viste han korleis torskelarven utviklar seg i egget frå dag til dag, eit arbeid som har vore til uvurderleg nytte for seinare studiar. Liknande grunnlagsarbeid gjorde andre medarbeidarar på t.d. sild. I tillegg tok Oscar Sund – i samarbeid med Rollesen – til å føra Lofotskreien inn i manntal ved å lesa alderen på kvannsteinane.

For det andre vart det ved Havforskningsinstituttet starta opp systematisk overvaking av havmiljøet, på faste stasjonar langs kysten og på skipsruter. Jens Eggvin fekk i stand desse observasjonane, som no i vår «miljøtid» representerer noko av det beste materialet som fins for klima- og miljøovervaking.

Etterkrigstida

Etter andre verdskrigen har utviklinga av Havforskningsinstituttet gått raskt. I 1950-åra vart det bygd to store havgåande forskningsfartøy, «G.O. Sars» og «Johan Hjort», som seinare har vorte erstatta av nyare og meir moderne båtar. Forskinga i desse åra var prega av målsettinga om å «utvikle norsk fiske», og det vart lagt stor innsats i å finna nye område og nye fiskeartar å fiske på. Eit resultat av denne forskninga var at ein til då ikkje utnytta fiskeart, kolmula, vart kartlagd, og det vart starta eit nytt fiske tidleg i 1970-åra.

Tida kring 1970 representere på mange måtar eit tidskille i den moderne havforskninga si historie. Direktør Gunnar Rollesen gjekk av ved oppnådd aldersgrense i 1969 og vart etterfylgd av Gunnar Sætersdal. Det nye forskningsfartøyet «G.O.

Sars» vart sett i drift i 1970, og gav forskarane eit langt betre reiskap til å gjere kvantitative overslag over fiskebestandane med. Overvakinga av fiskebestandane vart trappa opp, i takt med at fleire bestandar viste teikn på overbeskatning. Havmiljøet vart studert meir inngående, etter at forureininga frå land auka og ein fekk oljeindustri til havs, og ei veksande oppdrettsnæring la grunnlaget for «akvakultur» som egne forskningsområde.

Hovudoppgåva til Havforskningsinstituttet endra seg som følgje av denne utvik-

linga frå 1982. Dette utvalget tilrådde også at Instituttet fekk eit meir sjølvstendig forhold til Fiskeridirektoratet, utan at det vart gjennomført dengang. «Vartdal-utvalget» fylgde opp dette i si innstilling som vart gjeve i 1987, noko som resulterte i at Havforskningsinstituttet vart skilt frå Fiskeridirektoratet i 1989.

Den siste omorganiseringa av Instituttet medførte at det fekk sitt eige styre, og at det vart direkte underlagt Fiskeridepartementet. Forskinga var organisert i tre sentre – eit for marine ressursar, eit for



linga, frå å skulle «utvikle fiske» til å gjere råd i forvaltninga av havets ressursar. Dette har også ført forskarane i eit meir konfliktfylt forhold til fiskarane – frå å gjere direkte hjelp til å finna meir fisk, til eit forhold prega av å setje grenser for kor mykje som kan fiskast. Havforskningsinstituttet tener i dag som rådgjevingsorgan for ei rekke spørsmål, både når det gjeld utnytting av fiskeressursane, og spørsmål som til dømes er knytt til oljeverksemd og anna konkurrerende bruk av havet.

Omorganisering

Etterkrigsåra har også vore prega av omorganiseringar av Havforskningsinstituttet. «Mosby-utvalget» si innstilling, som vart avgjeven i 1968, resulterte i ei organisering av forskinga i ulike fagavdelingar, og at det vart oppretta eit råd for Institut-

Gunnar Sætersdal (t.h) styrde Havforskningsinstituttet i perioden da «Mosby-utvalget» sine konklusjonar fekk effekt. Odd Nakken har mellom anna leidd instituttet gjennom skilsmissa frå Fiskeridirektoratet.

det marine miljø og eit for havbruk. I storleik er desse tre einingane nærmast jamstore, med den siste etablerte forskningsgreina – havbruk – som den største. Havforskninga er også styrka med eit nytt forskningsfartøy, som skal overleverast i haust, og som på nytt ber navnet til havforskingas første direktør – Johan Hjort.